

Til barnelaget "Solglimt", Austrheim.  
Fyrtiårshøgtid. 1961.

Eit glimt av sol på ein gráverdag, det gjerer ein arming godt.  
For soli heve sitt same lag! Ho gyller alt som var grått.  
Frå mold og stuv og kvar mosgrodd stein, til sorgfulle manna-sinn.  
Ja, hugen verte so glad og rein der soli fær koma inn.

Gud signe dei som vil spreida sol i burtgøynde fatig-krå.  
Og gleda heimlause born til jol som myrkret hev falle på.  
Dei gjer då betre som kveikjer glimt, om enn det er smått og veikt,  
enn dei som vil her skal vera dimt, og aldri eit ljøs fekk kveikt.

I fyrsti år hev vårt gjentelag spreiddt sol til eit barnereir.  
Kun tri me møttast den fyrste dag, men seinare vart me fleir.  
Og barnereiret me tenkjer på er "Vårsol" der høgt mot nord,  
og våre sjøfolk på bylja blå kring alle havi på jord.

Av glade smågjentor er vårt lag. Dei flestre på ni, ti år.  
Dei lengtar til vår foreningsdag. Om Himlen dei høyra får.  
Dei syng om Jesus sin barnesong, og tek so sitt arbeid fatt.  
Og om dei skulkar ein hende gong, so kjem dei - som regel - att.

Slik hev det gjenge med åri rann : Det skifte med sol og sut.  
Smågjenta vaks og seg fekk ein mann, ell' flutte or bygdi ut.  
Men nye smågjentor strøynde til. Me er no tretten i dag.  
Når Gud si signing oss senda vil kan verket haldast ved lag.

Til lukke då, med dei fyrsti år i arbeid for Herrens sak.  
Frå sjelve Himlen Du løni får for alle trufaste tak.  
Det gjeld til døden å vera tru mot Han på Golgata kross.  
Me treng han stødt både eg og Du, skal livet lukkast for oss.

So fram då, "Solglimt" til dåd på ny. Enn hev Du din arbeidsdag.  
Snart vil den evige morgon gry, då alt i ditt barnelag  
vil få si rettvise løn av han som ei på det yttre såg,  
men etter det som i hjarto brann, der grunnen til verket lág.

Johs.M.L.Rydland.